

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2016/4181-1

Saksbehandlar

Tormod Fossheim

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2016/108	Formannskapet	01.12.2016

Utvikling av Kvinnherad som reisemål - endring av tilknyting til destinasjonsselskap

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad formannskap bed om, i samsvar med utgreiinga nedanfor, at rådmannen innan arbeidet med økonomiplanen 2018 – 2021 startar opp, legg fram ei sak for formannskapet vedkomande utvikling av Kvinnherad som reisemål.

I saka skal framtidig tilknyting til aktuelle destinasjonselskap vera eit tema, og vilkåra for full eller delvis tilknyting til Reisemål Hardanger Fjord A/S skal vera avklara.

Arbeidet skal koordinerast med prosjektet: Kommuneplan for Kvinnherad, samfunnsdelen.

Behandling i Formannskapet den 01.12.2016

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ FORMANNSKAPET:

Kvinnherad kommune tek snarast kontakt med Reisemål Hardangerfjord med tanke på medlemsskap.

Saka vert lagt fram for formannskapet så snart det ligg føre eit forhandlingsresultat.

Røysting: Nytt framsett forslag vart samråystes vedteken.

Vedtak frå Formannskapet den 01.12.2016

Kvinnherad kommune tek snarast kontakt med Reisemål Hardangerfjord med tanke på medlemsskap.

Saka vert lagt fram for formannskapet så snart det ligg føre eit forhandlingsresultat.

Saksutgreiing:

Politiske har det vore hevda at Kvinnherad i reiselivssamanheng bør venda seg mot Hardanger og destinasjonsselskapet Reisemål Hardanger Fjord A/S. Rådmannen har fått førespurnad om å utgreia dette.

Rådmanne fremjar med dette ei sak om utvikling av Kvinnherad som reisemål der Kvinnherad si framtidige tilknyting til destinasjonselskap skal avklarast.

Historikk

- Etter at Kvinnherad Reiselivslag vart avvikla hausten 1998, vart det ikkje funne formålstenleg med ein ny eigen reiselivsorganisasjon i Kvinnherad, og det vart i ettertid ikkje gjennomført samla marknadsføringstiltak for reiselivsbedriftene i Kvinnherad.
- Den 11.12.2002 vedtok i Odda kommunestyre å ta initiativ overfor Kvinnherad kommune om å søkja medlemskap i Reisemål Hardanger Fjord A/S (RHF). Odda tilbaud Kvinnherad 19 aksjar for kr 1,00 pr aksje, og oppmoda kommunestyret om å melda kommunen inn slik at området og reiselivsbedriftene kunne marknadsførast av RHF.
Saka var oppe til handsaming fleire gonger i Kvinnherad formannskap og - kommunestyre, både som eiga sak og i samband med budsjett og økonomiplan.
Først den 26.02.04, i ei sak om Kvinnherad som reiselivskommune, vart følgjande eit punkt i vedtaket:
Kommunestyret går inn for å melde Kvinnherad kommune inn i Reisemål Hardangerfjord som føresett, men vilkåret er at kommunen ikkje vert ilagt ein ekstra «inngangsbillett», og at reiselivsnæringa i kommunen ber minst halvparten av dei årlege kommunale kostnadane.
- RHF avviste 22.03.2004 Kvinnherad sin søknad med følgjande:
Styret i Reisemål Hardanger Fjord har handsama søknaden frå Kvinnherad kommune om kjøp av aksjar. Kommunen set som føresetnad at det ikkje vert ilagt eige etableringsgebyr i form av goodwill, og vidare at reiselivsnæringa i kommunen ber minst halvparten av dei årlege kommunale kostnadane. Av omsyn til konsekvensane og tidlegare praksis kan ikkje styret godkjenne Kvinnherad som aksjonær.
- I 2004 fekk Samarbeidsrådet for Sunnhordland tildelt midlar frå fylkeskommunen i samband med kompensasjonsordninga for arbeidsgivaravgift, og oppretta ei stilling som reiselivskoordinator. Seinare utvikla dette seg til *Visit Sunnhordland*. Kvinnherad har vore med sidan starten.
- Regjeringa la i 2012 fram eit forslag til ny reiselivsstrategi «Destinasjon Norge». Formålet var å organisera reiselivet meir effektivt og med klarare oppgåvefordeling. Hordaland fylkeskommune følgde opp denne strategien med eit prosjekt der konsulentfirma Kaizen utarbeidde ein rapport som mellom anna konkluderte med at Sunnhordlandsommunane i framtida bør samarbeida med Bergen, og at Kvinnherad bør inngå eit samarbeid med Reisemål Hardanger Fjord A/S. Dette vart grunngjeve med at Rosendal er den viktigaste reiselivsstaden i Kvinnherad og naturleg høyrer inn under merkevara *Hardangerfjord*.
- Kvinnherad formannskap behandla saka med tittel *Omorganisering av reiselivet i Hordaland* den 06.11.2014 og gjorde følgjande vedtak:
 - ✓ Kvinnherad kommune ønskjer å halda fram arbeidet med å marknadsføra og utvikla reiselivet saman med dei andre Sunnhordlandsommunane gjennom det etablerte samarbeidet i *VisitSunnhordland*. Kommunen ser ikkje at det ligg føre eit fagleg grunnlag for å avvikla *VisitSunnhordland*, og konsekvensane av ei nedlegging er heller ikkje synleggjort. *VisitSunnhordland* bør vurdera å inngå eit nærmare samarbeid med Bergensregionen.
 - ✓ Dersom Hordaland fylkeskommune vil leggja om verkemiddelpolitikken mot tre reisemålselskap i fylket, må det gjerast ei nærmare utgreiing av dei forholda kommunen peiker på over. Ei organisering i ein Bergensregion må eventuelt skje med eit samla Sunnhordland. I eit slikt samarbeid må det vera eit vilkår at Sunnhordland 'synest att' og får ein klar profil i marknadsføringa. Det må vidare vera ein føresetnad at det vert oppretthalde eit lokalkontor med særleg ansvar for reiselivet i Sunnhordland.
 - ✓ Kommunen legg til grunn at Hordaland fylkeskommune ikkje legg opp til ei omorganisering av reiselivet som krev auka økonomisk medverknad frå kommunane i Sunnhordland.

Noverande organisering av reiselivet i Kvinnherad.

Turistinformasjon

Kommunen driv Kvinnherad turistinformasjon og har tilsett reiselivskoordinator i 80% stilling. Halve stillinga er lønna av Stiftinga Besøkssenter Nasjonalpark Folgefonna for sekretærfunksjon.

Turistinformasjon har i sommarsesongen vore lokalisert i Guddalsbuo på Skålakaien, resten av året i rådhuset.

Netto Rekneskap 2015 viste eit forbruk stort 615.230 som også omfattar 2 turistvertar i sommarsesongen.

Frå 2017 vil turistinformasjonen verta lokalisert i det nye Folgefonsenteret, og det vert for tida arbeidd med ein avtale mellom Folgefonsenteret og kommunen som også skal omhandla turistinformasjon.

Visit Sunnhordland

Gjennom samarbeidsrådet i Sunnhordland, er Kvinnherad med i reisemålsselskapet *Visit Sunnhordland* som vart etablert i 2004. Selskapet koordinerer reiselivsarbeidet i regionen gjennom markadsføring, produktutvikling og vertskapsrolla.

Sjå selskapet sin reiselivsportal [www.visitsunnhordland](http://www.visitsunnhordland.com)

Kommunen har i 2016 betalt kr 12 pr innbyggjar totalt kr 159.252 for medlemskapen. I Visit Sunnhordland er det 2 stillingar som er knytte til reiselivsutvikling.

Cruise Destination Hardangerfjord

Dette er eit 3 årig samarbeidsprosjekt mellom Hardanger-kommunane og Kvinnherad som vart starta i 2008 for å skapa ringverknader av den nye cruisekaien i Eidfjord. Kvinnherad har vore med sidan starten, og formannskapet vedtok den 08.09.2016 vidareføring i 3 nye år frå og med 2017. (Politisk saksnr 2016/79).

Reisemål Hardanger Fjord A/S

RHF har kontor i Norheimsund med 4 tilsette. Det juridiske selskapsnavnet er Reisemål Destination Hardanger Fjord A/S, og aksjekapitalen er NOK 522.000. Eigarane er kommunane Odda, Ulvik, Ullensvang, Eidfjord, Granvin og Kvam samt dei største reiselivsaktørane i regionen. Kommunane eig 42 % av aksjene, reiselivsaktørar 58%. Odda og Ulvik har størst eigadel (7,85%).

Selskapet har tidlegare hatt negative rekneskapstal, men frå og med 2014 har driftsresultatet vore positivt. Kommunane betaler ei årleg avgift som vert rekna ut og vekta etter innbyggjartal (30%) og reiselivsbetydning (70%).

RHV er eit marknadsføringsselskap med merkevarenamna *Hardanger* og *Fjord* i portefølgjen.

Sjå www.hardangerfjord.com.

Selskapet har gjeve uttrykk for at det er av stor interesse også å supplera med merkevarenamnet *Rosendal*. Kva eit medlemskap vil kosta Kvinnherad, lyt behandlast spesielt av RMH. Ved søknaden i 2004, var den årlege summen stipulert til 395.000 der kommunen batt seg til eit 3 årig medlemskap. I tillegg gav RMH i 2004 uttrykk for at det også kunne vera aktuelt med ein eingongssum der Kvinnherad betalte for den «goodwill» Hardanger-kommunane har opparbeidd for området som reisemål.

Vurdering

Kvinnherad kommune har delteke aktivt i utvikling av Visit Sunnhordland, og merkevarenamnet Rosendal har hatt stor betydning i dette selskapet.

Reiselivsaktørane har nok vore delte der «indre luten» naturleg nok har orientert seg mot Hardanger, og «ytre luten» meir mot Sunnhordland.

Kaizen – rapporten (sjå historikken innleiingsvis) konkluderte med forslag om ei samanslåing og omorganisering av resielivsdestinasjonane i Hordaland.

I flg rådmannen sine opplysningar, vert det ikkje arbeidd vidare etter denne modellen. Prosjektet har imidlertid, i regi av Hordaland fylkeskommune, medført eit meir aktivt samarbeid mellom destinasjonane. Såleis vil dei fylkeskommunale marknadsføringsmidlane i 2017 ikkje verta fordelte mellom destinasjonane, men løvvde i ein felles pott som destinasjonane må samarbeida om.

Rådmannen meiner dette er rett veg å gå. Dei organisatoriske grensene mellom destinasjonsselskapa må vera underordna og regionen må marknadsførast som eitt reisemål med fleire fyrtårn. Dei som besøkjer Trolltunga er også aktuelle til å besøkja fjelltoppar i Kvinnherad eller å delta på kulturarrangement i Rosendal. Det viktigast må vera å trekka besøkjande til heile «Hardangerfjordregionen» frå Sunnhordland i sør til Hardanger og Voss i nord. Med det perspektivet vil det vera underordna kva destinasjonsselskap Kvinnherad tilhører. Skal vi skifta destinasjonsselskap må dette gjerast på bakgrunn av grundige utgreiingar ut frå kost/nytte.

Kvinnherad kommune har i dag 2 aktuelle prosjekt der organisering av reiselivet vil vera eit tema:

- Revisjon av Samfunnsdelen til kommuneplanen
- Bruk av marknadsføringsmidlar

I desse prosjekta er- eller vil formannskapet verta styringsgruppe. Rådmannen vil tilrår at prosjektet *Marknadsføring Kvinnherad* får i oppdrag å utgreia alle konsekvensar vedkomande organisering og utvikling av reiselivet i Kvinnherad og å koorordinera dette arbeidet mot arbeidet med samfunnsdelen.

Det er viktig å merka seg at uansett tilknyting til destinasjonsselskap, så må kommunen utføra produktutviklinga sjølv.

Økonomisk konsekvens:

Det vert forutsett at utgreiing om reiselivet vert gjennomført med eigne ressursar. Dersom kommunen skal endra destinasjonsselskap, vil dette få økonomiske konsekvensar. Storleksordenen av desse er ukjente på det noverande tidspunkt.

Miljømessig konsekvens:

Ingen